

Rogaland Fylkeskommune v/Elin Valand

<b>Dato</b>	<b>Saksbehandler</b>	<b>Vår ref.</b>	<b>Deres ref.</b>
25.08.2020	Mari Sævereide Aartun	20/872 - 2	

### **Regionalplan for klimatilpasning Rogaland - uttale frå Sauda kommune**

Vedlagt følger vedtak og uttale fra Sauda kommune.

Vennlig hilsen  
Mari Sævereide Aartun  
Fagleder Kundetorget

Andre mottakere:

Rogaland fylkeskommune, Rogaland Fylkeskommune v/Elin Valand

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
051/2020	Utvalg for samfunnsutvikling	PS	25.08.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Daniel Fatnes		20/872

### Regionalplan for klimatilpassing Rogaland - uttale frå Sauda kommune

#### Forslag til vedtak:

Sauda kommune er positiv til forslag til regionalplan for klimatilpassing. For kommunar med relativt store areal, samansette klimautfordringar og avgrensa administrative ressursar, er det særleg viktig at fylkeskommunen satsar på nettverksarbeid, kursverksemd og konkret rettleiing. Det må setjast av midlar til å følgje opp dette arbeidet.

Utvalg for samfunnsutvikling - 051/2020

#### USU - behandling:

#### USU - vedtak:

Sauda kommune er positiv til forslag til regionalplan for klimatilpassing. For kommunar med relativt store areal, samansette klimautfordringar og avgrensa administrative ressursar, er det særleg viktig at fylkeskommunen satsar på nettverksarbeid, kursverksemd og konkret rettleiing. Det må setjast av midlar til å følgje opp dette arbeidet. Enstemmig vedtatt

#### Vedlegg:

regionalplan-for-klimatilpasning\_horingsutkast  
kunnskapsdel\_rp\_klimatilpasning\_horingsutkast  
handlingsprogram\_rp-klimatilpasning\_horingsutkast

#### Saksopplysninger:

#### Føremål med saka

Rogaland Fylkeskommune har laga eit utkast til regionalplan for klimatilpassing. Sauda kommune ønskjer å nytta høvet til å komma med ein uttale til planen.

## Samandrag

Rogaland fylkeskommune har sendt regionalplan for klimatilpassing på høyring. Planen prioriterer tiltak og samhandling for å redusere risiko knytt til konsekvensar av klimaendringar, slik som meir flaum, ras, stormflo og meir gradvise påverknadar som klimaendringar gir.

Det bærande elementet i planen er å opprette eit nettverk for klimatilpassing som kan bidra til vidare kunnskaps- og kompetanseheving, erfaringsutveksling og innovasjon i Rogaland. I handlingsprogrammet er det føreslått 21 tiltak.

Rådmannen støtter opp under de mål, delmål, satsingsområde og retningslinjer som planen legg opp til.

## Fakta

Fram mot år 2100 kan vi rekna med store endringar i klimaet i Rogaland. Hovudutfordringane er venteleg auka kraftig nedbør og overvatn, flaum, stormflo og skred som følge av klimaendringar. I tillegg vil det kunne bli meir tørke, snøskred, isgang og kvikkleireskred.

Kor store konsekvensane av klimaendringar i Rogaland blir, avhenger av kor godt førebudd samfunnet er.

Rogaland Fylkeskommune har lagt fram forslag til regionalplan for klimatilpassing. Forslaget er eit resultat av ein omfattande involveringsprosess og faglege utgreiingar. Det bærande elementet i planen er å opprette eit nettverk for klimatilpassing som kan bidra til vidare kunnskaps- og kompetanseheving, erfaringsutveksling og innovasjon.

Planen består av tre dokument:

- **Regionalplandokumentet** angir retning og prioriteringar for arbeidet. Dokumentet inneheld visjon, mål, satsingsområde og retningslinjer. Visjon og mål beskriver kva me ønskjer å oppnå. Satsingsområda gir prioriteringane for handling, og følger opp måla samla. For kvart satsingsområde er det definert effektmål, resultatmål, og kva indikatorar som skal nyttast til å vurdere kor godt ein når måla som er satt. Retningslinjene gir rammer for vidare planlegging, og følger tematisk opp de tre delmåla.
- **Handlingsprogrammet** beskriver kva tiltak som skal prioriterast i perioden 2020- 2024. Mange av tiltaka er knytta til hovudgrepet som blir anbefalt i oppfølginga av planen - et nettverk for klimatilpassing i Rogaland, der kunnskap- og kompetanseheving er sentralt. Det beskrives og anbefalte tiltak for kommunane og tiltak for Rogaland fylkeskommune. Tiltaka knyttes direkte opp mot effektmål og indikatorar.

- **Kunnskapsdelen** summerer opp viktig kunnskap som planen bygger på. Det er laga fire faglege rapporter i løpet av planprosessen, og kunnskapsdelen gir ein oppsummering av dei sentrale resultatane frå desse rapportane.

Det er føreslått følgande hovudmål i regionalplanen; «*Vi skal sikre et bærekraftig samfunn som er godt forberedt på, og tilpasset, klimaendringene.*»

Det er vidare definert tre delmål;

- 1) Kunnskap og kompetanse
- 2) Velfungerande økosystem
- 3) Klimarobust og tilpassingsdyktig samfunn

Det er peika på fem satsingsområde, som samla sett skal følge opp hovudmål og delmål.

- 1) Klimatilpassing i alt me gjer
- 2) Klimakunnskap og innovasjon
- 3) Samarbeid og kompetansebygging på tvers
- 4) Engasjere til handling
- 5) Tilpassing til meir vatn

I forslag til handlingsprogram (2020-2024) er det føreslått 21 tiltak delt inn i fire hovudtema:

- 1) Klimatilpassingsnettverk
- 2) Kunnskap- og kompetansetiltak
- 3) Anbefalte tiltak til kommunane
- 4) Interne tiltak for Rogaland fylkeskommune

Særleg punkt 3 omhandlar kommunane, der det blant anna blir anbefalt at det blir sett av ressursar til arbeid med klimatilpassing, at sårbarheit og klimarisiko kartleggast og at det blir utarbeid kommunale planar for klimatilpassing. Planen legg opp til et auka samarbeid og viser til at klimatilpassing må løysast på tvers av forvaltningsnivå og sektorar. Fem grep er foreslått der det er anbefalt at kommunane deltar i alle:

- 1) Etablere «klimaråd» (politisk arena)
- 2) Etablere klimatilpassingsforum
- 3) Partnerskap/samarbeidsavtaler
- 4) Styrke arbeidet som skjer i vassområda for klimatilpassingstema knyt til vassmiljø
- 5) Digitale samlingspunkt (felles nettside/digital portal)

### **Lover og reglar**

Mange lovar og forskrifter handlar om klimahandtering. Viktigast er plan og bygningslova og ulike lovverk knytt til vasshandtering.

Ein regional plan er ikkje juridisk bindande, men planen skal leggast til grunn for den kommunale planlegginga, og for regionale og statlege myndigheiter planlegging og verksemd i planområdet. Det kan bli fremma motsegn til nye kommunale planer som ikkje er i tråd med den regionale planen.

### **Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak**

Det vert her vist til samfunnsdelen i gjeldande kommuneplan 2019-2031, som peikar på viktigeita av klimatilpassing og det grønne skiftet.

### **Økonomiske konsekvensar**

Tiltak til klimatilpassing vil vera viktige og kostnadskrevjande prosjekt framover. Det er viktig at ein i forvaltninga tar omsyn til endra klima for å unngå øydeleggingar som følger av flaum, skred osv.

### **Vurdering og konklusjon**

Regional plan for klimatilpassing er ein ny plan. Rådmannen meiner det er viktig at fylkeskommunen no løftar klimatilpassingsarbeidet opp som ei felles sak. Planen setter gode mål for korleis ein skal møte klimaendringane, og det er utarbeidd eit solid kunnskapsgrunnlag ut i frå det ein veit i dag.

Det er lagt stor vekt på eit regionalt nettverk for klimatilpassing. Rådmannen støttar ei slik tilnærming. Dette vil gi auka fokus, kunnskap, kompetanse og meir samarbeid på tvers av forvaltningsnivå og sektorar. Dette er ikkje minst viktig for kommunar som Sauda med mykje bratt terreng og nedbør og avgrensa administrative ressursar. Rådmannen vonar det blir satt av nok midlar

til denne satsinga.

Sauda, den 12.08.2020  
Rune Kloster Tvedt, rådmann